



Tysseland Arkitektur AS
Strandgaten 19
5013 BERGEN

Referanser:

Dykkar:

Vår: 18/2700 - 19/4206

Saksbehandlar:

Marianne Aadland Sandvik

marianne.aadland.sandvik@meland.kommune.

no

Dato:

23.02.2019

Utsatt sakshandsaming - GBNR 22/190 - Søknad om rammeløyve til oppføring av hus C, D og E - Mjåtveitmarka

Viser til søknad om rammeløyve til oppføring av hus C, D og E på gbnr. 22/190, Mjåtveitmarka, journalførtmotteke 12.12.2018.

Utval for drift og utvikling vedtok i møte den 19.2.2019, i sak 16/2019, mellombels forbod mot tiltak innanfor området Mjåtveitstø til Dalstø, i samband med områdereguleringa som pågår. Vedtaket vil bli sendt til dykk med klagerett i eit eige skriv.

Eit mellombels bygge- og deleforbod inneber at sakshandsaming av rammeløyva journalført 12.12.2018 vert utsett. Eit forbod gjeld til planspørsmålet er endeleg avgjort, men seinast 4 år etter at forbodet vart lagt ned, jf. plan- og bygningslova (pbl) § 13-2. I vedtak om mellombels forbod mot tiltak er det lagt til grunn at når plassering av infrastruktur i området er endeleg avgjort, kan grunneigarar søkje om fritak frå forbodet, jf. pbl § 13-1 tredje ledd. Fritak vil bli gitt viss det er avklart at omsøkt bygging ikkje vil få konsekvensar for planlagt infrastruktur i området.

Søknadane vil etter dette ikkje bli handsama så lenge forbodet gjeld. Ei beslutning om å utsette sakshandsaminga på bakgrunn av eit forbod er ikkje eit enkeltvedtak som kan klagast på.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Marianne Aadland Sandvik
Juridisk rådgjevar byggjesak

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Mottakere:

Tysseland Arkitektur AS

Strandgaten 19 5013

BERGEN